## Gjermund Fredheim på Undarheim idag

17.02.2013



Gjermund Fredheim er ein gitarist på nasjonalt nivå (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Kvinnherad kulturfestival 2013 vert avslutta i dag,sundag,
med konsert på Undarheim gard kl.15
Det er ein barokkonsert med gitar og fløyter.
Artisten er Gjermund Fredheim frå Uskedalen
saman med Anette Bjørnenak.**

Kulturfestivalen har voresterkt prega av utøvarar frå Uskedalen med mellom anna bokbad med Mona Vetrhus, jazzkveld med Jazzverket og Vegard Døssland og ikkje minst born i den store familieframsyninga Snøgåsa.

For dei som har høve til det, bør ein nytta seg av eit framifrå kulturtilbod i det vakkert restaurerte hovudhuset på Undarheim gard. Gjermund er ein allsidig gitarist på nasjonalt nivå og på avslutningskonserten på Husnes spelar han barokkgitar.

På Robert Post konserten fredag veksla Gjermund mellom ulike gitarar, mandolinog banjo.

Møt fram på Undarheim gard i dag.
Vi kan lova deg ein konsert du seint vil gløyma.

Av Kristian Olav Bringedal